
Vår referanse 2021/5462-2
Dato 03.03.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - bygging av landbruksveg - gnr. 171, bnr. 3 Seim - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev av 17.02.2021 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Seim i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Hogst

Vi ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at Vestland fylkeskommune ved Seksjon for kulturarv også skal varslas om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal innehalde følgande informasjon:

- **Gnr - Bnr - kommune**
- **Kart over hogstområde og eventuelle planlagte driftsvegar, velteplassar, m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.**
- **Planlagt oppstartsdato**
- **Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer**

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

